

Sak til samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemene i samarbeidsutvalet
Utval:	Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato:	15.mai 2020
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Revisjon av Teneseteavtale 10 om førebygging
Saksnummer:	20/20

Bakgrunn

[Tenesteavtale 10](#) trådte i kraft 01.07.2012, og handlar om Samarbeid om førebygging. Dei fire samarbeidsutvala vedtok i februar Handlingsplan 2020. Revisjon av tenesteavtale 10 er eit av dei prioriterte tiltaka i handlingsplanen.

Både helseføretaka og kommunane har ansvar for førebyggjande og helsefremmande arbeid. Auka innsats og samarbeid mellom omsorgsnivåa når det gjeld førebygging og helsefremming er difor viktig.

Tenesteavtale 10 frå 2012 har nokre prioriterte innsatsområde:

- lærings- og mestringsaktivitet
- helseovervaking
- psykisk helse og rus
- overvekt - undervekt

Hovudmålgruppene i avtalen er:

- Barn frå svangerskap til skulestart
- Eldre 65+

Skal desse innsatsområda og målgruppene vidareførast? Nye tema eller problemstillingar knytt til førebygging og helsefremming som bør takast inn? Mykje har skjedd når det gjeld førebyggjande og helsefremmande arbeid dei siste åra som kanskje vil ha betydning for innhald og form på tenesteavtale 10 om førebygging.

Vidare prosess

Samarbeidssekretariatet tilrår at det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- fire kommunale representantar; ein frå kvart utvalsområde.
- ein representant frå Haraldsplass Diakonale sjukehus
- ein representant frå Voss sjukehus
- ein representant frå Brukarutvalet i Helse Bergen
- to representantar frå Helse Bergen
- representasjon frå Samarbeidssekretariatet

Mandat

Gruppa skal utarbeida forslag til revidert Tenesteavtale 10 om førebygging for kommunar og sjukehus i føretaksområdet. Arbeidsgruppa er ansvarleg for framdrift og utarbeiding av avtaleutkastet.

Avtaleutkast skal vere klart til handsaming i Samarbeidsutvala innan februar 2021. Den einskilde representant har sjølv ansvar for å forankre oppgåve, arbeidsprosess og løysing hos dei han/ho representerer. Gruppa konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.

Om det er behov, kan gruppa knytte til seg juridisk eller anna kompetanse som rådgjevar for gruppa sitt arbeid.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland støttar forslag til prosess og melder namn på aktuelle kandidatar til Samarbeidssekretariatet innan 1. juni 2020.